

Shotocup 5 oktober 2009  
Haukelandshallen, Bergen

### **God innsats av Stord karateklubb på Shotocup i Bergen**

I helga var Stord karateklubb på Shotocup i Bergen og henta heim medaljar til klubben. Maren Aamodt stilte i klassen 13-15 år jenter 3-1 kyu. Ho gjekk ein sterk og sikker kata og sikra seg gullet. I kumite var ho litt meir beskjeden, men klarte likevel å henta heim bronsemedaljen.

Den som imponerte mest frå Stord denne helga var utvilsomt Kristin Ankervold, som var debutant i Shotocup samanheng,. Ho stilte i klassen 16-18 år jenter 3.kyu-Dan. I den første kumiteomgongen (frikamp) vann ho over Dangraderte Madelein Fjellstad frå Bjørgvin KK. Kristin har graden 3kyu, som er tre grader lågare. Dette hindra ho ikkje frå å stoppe Fjellstad. Kristin vart med vidare og tok like godt ut motstandaren frå Karmøy KK. Dermed var Kristine i finalen. Her møtte ho Dangraderte Birgitte Sylta frå Bjørgvin KK. Kristin gjekk i angrep og hadde initiativet det meste av kampen, men etter ein heldig ippon frå Sylta i andre runde måtte ho sjå seg slått. Kristin hadde likevel sikra seg sølvet og det var fortent.

Eivind Slaattelid Hollund, klasse 13-15 år gutar 3-1.kyu, gjekk ein sterk kata men gløynde ein "kiaï", som sende han nedover poengmessig. Det var likevel ikkje verre enn at han fekk med seg ein bronsemedalje tilbake til Stord.

Håvard Kvalnes, klasse 16-18 år gutar 3.kyu-Dan, var og debutant i Shotocup samanheng. På tross av at det for det meste var Dangraderte som stilte i denne klassen, gjorde Håvard ein sterk innsats som han kan vera svært nøgd med. Mohamad Salmoun stilte og som debutant frå Stord KK og gjorde ein god innsats for klubben. Anne Merete Sørensen, Lene Unneland, Espen Unneland og Justine Horneland var og med frå Stord KK og gjorde det vanskeleg for motstandarane i sine klassar. Det var ein nøgd karategjeng frå Stord som reiste frå Bergen søndag ettermiddag med gull, sølv og bronse.



På bildet:

Bak fv: Lene Unneland, Anne Merete Sørensen, Eivind Slaattelid Hollund, Håvard Kvalnes, Kristin Ankervold.

Framme fv: Justine Horneland, Maren Aamodt, Espen Unneland, Mohamad Salmoun